



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
102/21	Formannskapet	08.06.2021
72/21	Kommunestyre	14.06.2021

Innbyggjarundersøkinga 2021 - resultat

Samandrag:

Vanylven kommune har sidan 2015 gjennomført innbyggjarundersøkinga annakvart år, og resultatet gir ein god indikasjon på kva område kommunen har forbetra seg på og kva område det er behov for forbeting.

Når kommunen i år gjennomfører denne innbyggjarundersøkinga på nytt, så vil denne danne eit godt grunnlag for prioriteringane i samfunnsdelen av kommuneplanen – som skal vere ferdig til kommunestyremøte i november 2021.

Kommunestyre 14.06.2021:

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

KO- 72/21 Vedtak:

Vanylven kommunestyre tek resultatet frå innbyggjarundersøkinga i 2021 til vitande, og ber om at dette blir nytta som faktagrunnlag til arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.

Formannskapet 08.06.2021:

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget.

FO- 102/21 Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommunestyre tek resultatet frå innbyggjarundersøkinga i 2021 til vitande, og ber om at dette blir nytta som faktagrunnlag til arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommunestyre tek resultatet frå innbyggjarundersøkinga i 2021 til vitande, og ber om at dette blir nytta som faktagrunnlag til arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2021 - 102/21

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommunestyre tek resultatet frå innbyggjarundersøkinga i 2021 til vitande, og ber om at dette blir nytta som faktagrunnlag til arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen.

Vedlegg:

Vanylven kommune - Innbyggjarundersøking 2021

Innbyggjarundersøkinga med oppsummering og rådata 250521

Saksopplysningar:

Vanylven kommune gjennomførte i april ei innbyggjarundersøking. Undersøkinga vart sendt ut til alle husstandane i kommunen, med ei orientering om undersøkinga samt to passord til kvar husstand – invitasjonen følgjer som vedlegg til saka.

Dette er fjerde gongen kommunen gjennomfører ei slik undersøking og vi har difor eit godt samanlikningsgrunnlag der vi kan sjå utviklinga på ulike område over tid. Vi har følgjande resultat på overordna nivå:

	2015	2017	2019	2021	Endring 15-21
Tjenestene fra din kommune - bruker	4,4	4,1	4,5	4,5	0,1
Tjenester fra din kommune - inntrykk	4,3	4,2	4,5	4,3	0,0
Nærings og arbeid	3,3	3,6	3,8	3,7	0,4
Miljø i kommunen	5,1	5,2	5,2	5,3	0,2
Klima og energi	4,0	4,3	4,3	3,9	-0,1
Natur og landskap og friluftsliv	4,6	4,6	4,7	4,5	-0,1
Levekår	4,4	4,3	4,5	4,3	-0,1
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor	3,9	3,7	4,0	3,3	-0,6
Servicetilbuddet	3,9	3,5	3,7	3,0	-0,9
Boligtilbuddet	3,9	4,1	3,9	3,5	-0,4
Kultur og idrett	4,1	4,0	4,3	3,6	-0,5
Utbrygging og utvikling	3,6	3,7	3,9	3,4	-0,2
Trygghet	5,0	5,2	5,2	5,4	0,4
Kommunen som bosted	4,4	4,6	4,7	4,6	0,2
Møte med din kommune	3,4	3,6	3,9	3,3	-0,1
Tillit	3,5	3,8	4,0	3,6	0,1
Helhetsvurdering	3,5	3,9	4,1	3,6	0,1
Snitt totalt	4,0	4,0	4,2	3,9	-0,1

Kommunedirektøren viser her til at det er områda som ligg utanfor kommunal kjerneverksemd, som har utvikla seg negativt frå 2015 til 2021, men at dette er område som ligg innanfor det som blir omtala som samfunnsutvikling.

Kommunedirektøren legg vekt på at desse områda kan det vere viktig å sjå på når samfunnsdelen av kommuneplanen skal utarbeidast. Ikke minst når handlingsplanen til samfunnsdelen skal vedtakast – ei handlingsplan som i utgangspunktet skal vere den same som kommunen sin økonomiplan.

Utan at det har tyding for resultatet av innbyggjarundersøkinga, så vil kommunedirektøren likevel vise til at Vanylven kommune har engasjert Telemarksforsking til å måle hovudområde tillit spesielt – dette mellom kommunen, næringslivet og den frivillige sektoren. Dette òg knytt opp i mot vårt arbeid med ny samfunnsdel av kommuneplanen.

Dersom vi ser nærmare på første hovudområde, som er tenester frå kommunen, så gir denne følgjande resultat:

	2015	2017	2019	2021	Endring 15-21
Servicetoget	4,7	5,0	5,0	4,9	0,2
Internett	4,1	4,2	4,5	4,3	0,2
Barnehage	5,0	5,1	5,1	4,9	-0,1
Grunnskule	4,4	4,3	4,6	4,0	-0,4
Fritidstilbod for ungdom	4,2	4,5	4,5	4,0	-0,2
Heimehjelp	4,4	3,8	4,6	3,6	-0,8
Heimesjukepleie	4,5	4,2	4,9	4,3	-0,2
Heildøgns omsorgsteneste	4,5	3,7	4,5	4,4	-0,1
Fastlege	3,9	3,2	3,9	4,5	0,6
Legevakt	4,5	3,7	4,2	4,6	0,1
Bibliotek	5,3	5,4	5,3	5,4	0,1
Kulturskulen	-	4,8	4,9	4,3	-0,5
Tenestetilbodet totalt	4,2	4,0	4,4	4,3	0,1
Snitt totalt	4,4	4,1	4,5	4,5	0,1

* kulturskulen er ikke målt før i frå 2017

Det er tenestane på tre område, markert med raudt, som kommunedirektøren vil arbeidet med for å forbetre resultatet til neste innbyggjarundersøkinga, og dette bør også vere område som kommunen bør ta med inn i arbeidet med samfunnssdelen av kommuneplanen.

Resultatet frå undersøkinga samt kommunedirektøren sin samanlikning mot tidlegare innbyggjarundersøkingar følgjer som vedlegg.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vil tilrå at undersøkinga blir teke til vitande og at resultatet blir ein del av faktagrunnlaget til samfunnssdelen til kommuneplanen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør